

Kystlotteriet i Nordfjord



NOMIL  **Naturvernforbundet**
NORDFJORD MILJØVERK

HUGSELISTE TIL STRANDRYDDING

Ver kledd og skodd etter forholda. Hanskar kan vere lurt for å beskytte fingrane.

Ha med telefon og enkelt førstehjelpsutstyr, om noko skulle gå gale.

Vis omsyn til dyrelivet. Hekkande fugl må ikkje forstyrrast.

SORTERING AV AVFALL

Avfallet du leverer i sekken vert handtert som restavfall. Det skal kvernast og sendast til forbrenning.

Dette må du legge i ein eigen sekk, eller levere ved sidan av sekken:

Farleg avfall: batteri, lyspærer, olje, sprøytemiddel og kjemikalie

Elektrisk og elektronisk avfall

Avfall som har solide metallbitar. Dette skader kverner og utstyr.

Tauverk og not. Forbrenningsnanlegg tek ikkje i mot tau og not til forbrenning.

Slik gjer du det

Finn ein stad, i strandsona eller langs eit vassdrag, som er forsøpla.

Opprett ein ryddeaksjon på www.holdnorerent.no/ryddeportalen
Du får tildelt ein aksjonsode, denne er viktig å ta vare på.

Hent sekkar og lodd på eit av Nomil sine gjenbruksstasjonar. I nokre kommunar får du og henta utstyr på servicetorga. Sjå www.nomil.no eller www.kystlotteriet.no for ei oppdatert oversikt over utleveringsstadar i din kommune.

Plukk forsøpling og legg i Kystlotterisekken.

Registrer funna dine på Ryddeportalen og avslutt aksjonen din.

Fyll ut lodd og lever sekkane og loddet ditt inn på eit av Nomil sine gjenbruksstasjonar. Ta med aksjonskoden din.

Det vert trekt vinnarar både i lokal og nasjonal trekning. Du kan vinne billetter, turar, opplevingar eller ein pengesum til klassen eller idrettslaget din.

Utgiftene til Kystlotteriet vert dekkja gjennom ei statleg refusjonsordning, men berre dersom ryddeaksjonen er registrert i Ryddeportalen. Du må difor oppgi aksjonskoden når du leverer avfallet.

Her kan du hente utstyr til Kystlotteriet:

Ei oppdatert liste vil alltid ligge på www.nomil.no og www.kystlotteriet.no

Bremanger: Nomil sine gjenbruksstasjonar i Smørham og Svelgen.
Servicetorget til Bremanger kommune i Svelgen

Eid: Nomil sin gjenbruksstasjon på Haugen. Servicetorget til Eid kommune

Gloppen: Nomil sitt anlegg i Eidsmona

Hornindal: Nomil sin gjenbruksstasjon. Servicetorget til kommunen.

Selje: Nomil sin gjenbruksstasjon. Selje kommune sitt servicetorg.

Stryn: Nomil sin gjenbruksstasjon på Svarstad.

Vågsøy: Nomil sin gjenbruksstasjon i Vedvik. Kommunen sitt servicetorg i
Måløy sentrum.

Avfallet leverast til eit av Nomil sine gjenbruksstasjonar.

For opningstider sjå: www.nomil.no

NYTTIGE LENKJER

www.nomil.no

www.kystlotteriet.no

www.holdnorgereent.no/ryddeportalen

www.sortere.no

Takk for at du bidreg til å halde naturen fri for avfall!